

Til Alver kommune

Frekhaug 23.07. 2020.



Postboks 4

5906 Frekhaug.

Byggjesaksavd. v/sakshandsamar Marianne Aadland Sandvik.

Saka gjeld byggjesak hytte gnr. 305 bnr. 94 Bjørndalsvegen 38. Tiltakshavar Yvonne M. Rouppert med ansvarleg søkjar Jens H.N. Bjordal.

Viser til brev dagsett 13.07.2020 der det vert bedne om tilleggsopplysningar i 6 punkt.

Svar på spørsmåla:

Pkt. 1. **Nytt situasjonskart** på Alver kommune sitt kart der avstand til naboeigedomar og til Rydlandsvatnet er påført. Vedlegg 1

2. **Kopi av planteikning** der bruk av romma er spesifisert. Vedlegg 2.

3. **Avkøyringsløyve** til kommunal veg har aldri vore omsøkt og heller aldri vore gitt sidan dette er ei gamal hytte med gangvegrett frå Bjørndalsvegen. På den tida der eigedommen var etablert var det ikkje vanleg korkje å søke om eller gi slik avkøyringsløyve. Statusen på hytta med tilkomst m.m. er ikkje endra sidan då. Det skulle då heller ikkje nå vera trong for nokon avkøyringsløyve. Dersom kommunen likevel krev at avkøyringsløyve skal etablerast ,vil det sjølvsgd bli søkt om det.

4. **Rettt til parkering på kommunal eigedom**. Hytta har hatt ein parkeringsplass ved sida av Bjørndalsvegen i svært lang tid, lenge før Meland kommune eller nå Alver kommune hadde eigedomsretten til vegen eller arealet omkring. Denne retten vart formelt etablert 06. 12. 2012. Løyve vart i si tid gitt munnleg av dåverande hovudgrunneigar. Noko anna dokumentasjon ligg ikkje føre. Eg reknar med at både tilhøvet vedk. både pkt. 3 og 4 gjeld for alle gamle hytteeigedomar både langs Bjørndalsvegen og andre kommunale vegar i Alver kommune. Dersom det er ynskjeleg frå kommunen si side å få ein avtale om bruk av denne parkeringsplassen har tiltakshavar sjølvsgd ingen innvendingar mot det. Eg reknar då med at kommunen tar initiativet til og utformar ein slik avtale. Sidan grunnen til parkeringsplassen er gitt frå tidlegare grunneigar reknar eg med at kommunen ikkje skal ha noko vederlag for grunnen sidan kommunen sjølv heller ikkje har betalt noko grunnerstatning for vegen og tilliggjande areal.

5. **Rettt til gangveg over bnr. 39**. Dokumentasjon ligg ved som vedlegg 3.

6. **Avlaupsanlegg**. I byggjesaka vart det opplyst at det ikkje skal leggjast inn vatn i hytta. Det krevst då ikkje noko utsleppsløyve. Som toalett skal nyttast godkjent elektrisk toalett.

Vonar at gitte opplysningar vil vera nok til at byggjeløyve som tidlegare omsøkt kan gjevast.

Mvh. Jens H. N. Bjordal (Ansvarleg søkjar)

Kopi til Yvonne Mirosława Rouppert (Tiltakshavar).